



## **Torsdag 5. juni**

### **10.00 Gitarverkstad**

Surnadal Kulturhus, Storstuå, kr 200 (billettsal i døra/faktura)  
Gitarverkstad. Kurs i gitarsolo og improvisasjon med Torstein Flakne i samarbeid med kulturskolen på indre Nordmøre. Ope for alle. Påmelding til tlf: 975 24 574.

### **12.00 Henningtimen for 8. og 9. klassingane**

Surnadal Kulturhus, Svorkasalen

### **13.00 Råkkeverkstad for band**

Surnadal Kulturhus, Storstuå, kr 200 (billettsal i døra/faktura)  
Kurs i samspel med Torstein Flakne i samarbeid med kulturskolen på indre Nordmøre. Ope for alle. Påmelding til tlf: 975 24 574.

### **17.00 Tangokurs, økt ein**

kr 300 per pers/500 for par (billettsal i døra)  
Conny Hübner og Waldemar Strazdins held tangokurs i tre økter som opplading til Milonga på søndag. Påmelding til tlf: 975 24 574.

### **18.00 Opning av Vårsøghelga og kunstutstilling**

Surnadal Kulturhus, Finstuå og Fojæén  
Opning av Vårsøghelga 2014 og salsutstilling av Annelene Haftorn i samarbeid med Surnadal Kunstforening. Servering av kaffe og kake.

### **19.00 Råkk søg**

Surnadal Kulturhus, Vårsøgteltet, kr 150 (billettsal i døra)  
Råkkekonsert med Torstein Flakne og lokale band. Repertoar for ein kvar smak; Muse, Stage Dolls, Beatles...

### **21.00 Gapskrattkveld**

Surnadal Kulturhus, Vårsøgteltet kr 150 (billettsal i døra), 18 år.  
Lokale revylag tevlar om den det største latterbrølet frå publikum. Johnse, gruppa Bass og Bannskap med fleire underheld. Programleiar er Gøran Bolme.

## **Fredag 6. juni**

### **11.00 Vår felles fortid**

Surnadal Kulturhus, Svorkasalen kr 150 (billettsal i døra)  
Per Husby med kritikerrosa program, for Eldre hjelper eldre og andre. Graut og bakels med kaffe blir servert.

### **14.00 Drivdebatten: Framtidas mat**

Surnadal Kulturhus, Svorkasalen  
Kva skal vi leve av i framtida? Lokalmat, framand mat, økologisk mat eller genmodifisert mat? Meisterkokk Mikael Forselius innleier.

Skarpskodde debattantar. Kunstnerisk innslag frå Øystein Sandbukt og Peter Puma Hedlund.

### **19.00 Kleivakvelden**

Kleiva utecene, ovafor Skei, kr 250 for vaksne / 100 for born (billettsal opp mot Kleiva)  
Jan Eggum, Henning Sommerro, John Pål Inderberg, Catriona Macdonald, Vårsøgdikt, og Kleivaprisutdeling.

### **22.00 Pubkveld**

Surnadal Kulturhus, Vårsøgteltet, kr 200 / 100 for dei som har vore på Kleivakveld (billettsal i døra), 18 år.  
Kristiansund Storband med John Pål Inderberg, Elisabeth Gjørsvik og fleire...og kanskje blir det jamming?

## **Laurdag 7. juni**

### **10.00 Tikaffe, politiets hittegodsauksjon og lokalproduktmarknad**

Surnadal Kulturhus, Vårsøgteltet

### **11.00 Tangokurs, økt to**

### **12.00 Hva kommer nå...?**

Surnadal Kulturhus, Svorkasalen kr 100 (billettsal i døra)  
Tiljubla konsert og forestilling for born og vaksne i alle aldrar. "... har aldri opplevd noe så morsomt og engasjerende". Med Eldbjørg Raknes, Frode Eggen, Tor Breivik og gjest John Pål Inderberg.

### **12.00 Hesjarfilmen**

Surnadal Kulturhus, Storstuå kr 150 (førehandssal)  
Kvardagskultur frå Surnadal av Eistein Bæverfjord, med Øystein Sandbukt og Peter Puma Hedlund.

### **14.00 Boksøg**

Surnadal Kulturhus, Surnadal folkebibliotek, kr 150 (førehandssal)  
Forfattar og NRK-journalist Sigrun Slapgard samtalar med Svein Sæter om romanen Englestien, som ho nyleg fekk Nynorsk litteraturpris for.

### **16.00 Har Alf Prøysen noko å seie folk i dag?**

Surnadal Kulturhus, Surnadal folkebibliotek  
Samtale mellom Per Husby og Jørn Simen Øverli, leia av Henning Sommerro.

### **16.30 Prøysenvisene som forsvann**

Surnadal Kulturhus, Storstuå, kr 250 (førehandssal)  
Konsert med Jørn Simen Øverli, Helge Lien og Rolf Erik Nystrøm, saman med Henning Sommerro, lokalt prosjektkor leia av Elin Persson.

### **21.00 Valseria - eit valseverk**

Åsen Bygdemuseum, kr 200 (billettsal i døra), 18 år.  
Stjernelaget Gabriel Fliflet, Jorun Marie Kvernberg, Anders Bitustøy og Jørgen Sandvik hyllar 3-takta.

## **Søndag 8. juni**

### **11.00 Pinsegudsteneste i Stangvik kyrkje**

### **11.00 Tangokurs, økt tre**

### **12.30 Mat i Bondehuset, Stangvik**

### **14.00 Konsert i Stangvik kyrkje**

Stangvik kyrkje, kr 300 (billettsal i døra)  
Skodespelar Bjørn Sundquist i lyrisk dialog med europeisk kunstmusikk og folkemusikk frå Sheltand i ein konsert sett saman av Henning Sommerro.

### **16.30 Sigrid**

Surna Bedehus, kr 200 (billettsal i døra)  
Sigrid Vetleseter Bøe med eksamenskonsert, akkompagnert av Trygve Brøske. Klassiske verk frå Puccini, Verdi, Grieg med fleire.

### **18.00 Legenden om Kaptein Dante**

Nordmøre Folkehøgskule, kr 180 (billettsal i døra)  
Musikalsuksessen Kaptein Dante kjem att til Surnadal! I samarbeid med Nordmøre folkehøgskule. Heile 40 ungdommar bidreg i denne unike musikalen.

### **20.00 Asado Y Tango**

Thon Hotel Vårsøg, Horisonten restaurant, kr 600 (førehandssal), 18 år. Dørene opnar 20.00.  
Ein delikat smakebit av argentinsk kultur, med grilla biff, dessertbord og flammande musikk ved Cholo Tangotrio og gitarist og songar Daniel Amaro. Leia av Conny Hübner.

### **22.00 Milonga**

Thon Hotel Vårsøg, Sandeman og Musters, kr 200 (gratis for dei som deltek på Asado y Tango), 18 år.  
Tangodans inn i natta med Daniel Amaro, Cholo Tangotrio, Eistein Bæverfjord, Elisabeth og Annbjørn Husby.

## **Måndag 9. juni**

### **10.00 Pilgrimsvandring 2. pinsedag**

Oppmøte ved kyrkjelydshuset på Skei, arrangør: Kyrkja i Surnadal  
Vandring frå Østbødalen, opp Kyrkjebakkan, langs den gamle kyrkjevegen via Ranessetra til Raness kyrkje. Turen tar ca 4 timar, ta med sitteunderlag, mat, samt gode sko og klede.